

# RAUDT KOR.

avisa

NOVEMBER 77

Den vellukka framføringa av "Oktoberrevolusjonen" viste ein stor framgang for koret. Denne framgangen har vore mogeleg ved hjelp av intens øving den siste tida, og ved sterk innsats av alle som har vore med. Det har herska stor entusiasme i koret, og denne har berre auka etter kvart som øvinga har gått fraover. Denne entusiasmen har vore avgjerande for den utviklinga vi no har gått gjennom på svært kort tid. Etter framsyninga i Konserthuset herska det sigerstemning, og det var ein siger vi hadde vunne, over alle reaksjonære krefter, ved hjelp av kulturen. Og ein siger over alle idear om at koret ikkje er i stand til å gjera store framsteg på stutt tid.

Vi skal ikkje sova på laurbæra, men vi må hugse på sigrane vi har vunne og leggja dei til grunn for endå større framgang. Føl parolen som forfattaren skisserte: "Dette var bra, men neste gong skal vi gjera det ti gonger betre".

Kva feilaktige linjer er det vi nå må vinna over? Styret har oppsummert at vi har gjort ein del feil i arbeidet vårt i haust, og også når det gjeld førebuing og øving til dette arrangementet. Det gjeld kanskje først og fremst politiske diskusjonar direkte knytta til innhaldet i sangane. Korleis skal vi få fram innhaldet best m. geleg. Skal koret berre stå å synga singlar med progressivt innhald i motsetning til eit borgarleg kor som syng borgarlege singlar, eller skal vi også vera eit kjempande kor, som tek sitt tak i klassekampen, og ser som sitt primære mål å styrka arbeidar-klassen gjennom sangen.

Det fall mange rosande ord om kameraten frå Mai som vitja oss på ei øving. Den kritikken han kom med, hjalp oss ein god del, men vi har emno mykje å læra.

Einskapen i koret treng og å styrkast. Dette gjer vi best ved å nå einskap på dei oppgåvene som står framfor oss. Berre gjennom å stå samla bak det vi syng, kan vi retta kraftige slag mot fienden. Vi har vorte ein bra samansveisa gjeng gjennom arbeidet dei siste vekene, men klassekampen skjerpar seg, og vi kan ikkje falla til ro med det.

Vidare trengst det å styrka organiseringa av koret. Vi må få klarheit i kva som er oppgåvene til stemmeleiar, gruppeleiar og styre-representant i gruppene. Mange øvingar har vorte rotete og lite effektive, fordi det ikkje har vore noka stram leiing som har hatt oversikten. Dette må styret bera ansvaret for. Om styret har gjort vedtak om diskusjonar eller undersøkingar, hardet ofte vore tifeldig om dette har vorte gjennomført i gruppene. Styret meiner at ei klarare og meir effektiv organisering er eit vilkår for å utnytte øvingstida maksimalt.

Her er lagt fram ein del ting som må rettast på, men kormedlemene kome fram med mange idear på dette under oppsummeringa av "Oktoberrevolusjonen."

## DISKUSJONEN OM LANDSFORBUND OG FORBUNDSVEDTEKTER

### A. HELGESEMINARET 8-9/10-77

Vi brukte hele første dag av seminaret til diskusjonen om Forbudd. Det ble holdt ei innleiing som tok opp kulturens plass i klassekampen, repertoar og kunstnersik kvalitet, behovet for Landsforbund, og framlegget til Forbundsvedtekter fra Landskonferansen i august.

Gruppediskusjonene etterpå var grundige og gode, og det kom fram en del endringsforslag og det var oppe en del motsigelser. Vi skal her kort nevne opp de viktigste motsigelsene som var oppe:

Til §2: Uenighet om det var nødvendig å ha med siste setning, eller at denne evt. skulle utdypes nærmere.

Til §5: Enighet om at det bør med en "kriseparagraf". Se mer om det nedenfor (pkt.C).

Til §7: Uenighet om vi skal ha et sekretariat eller et AU innafor Landsstyret isfiden. Fare for at det kan oppstå to senter i Forbundet. Sekretariatet har bare fått reint praktiske oppgaver (ikke politiske) Sekretariatets politiske mandat er uklart. - Disse motsigelsene er delvis løst ved at vi har fått klarlagt sekretariatets oppgaver nærmere, og at vi får med i paragrafen at minst en i sekretariatet også sitter i LS. - Koret oppfordres til å følge opp denne motsigelsen og komme med bedre forslag til hvordan vi kan løse spørsmålet om sekretariatet.

Til §8: Spørsmålet om å søke kommunal støtte eller ikke. Diskusjonen her var frisk, og endte med at vi i hovedsak ble enige om at linja må være at vi først og fremst stoler på sjølberging, men at vi ikke prinsippielt er mot å søke og ta imot kommunal støtte, spesielt ikke hvis vi kan gå sammen med andre amatørgrupper og kjempe for økte bevilgninger til amatørkulturen. - Denne diskusjonen bør absolutt fortsette, og vil sikkert også bli tatt opp i Forbundet. - Det var og oppe forslag om at vi kunne styrke vår egen (og Forbundets?)

økonomi ved å arrangere loppemarked, konserter osv.

### B. BERGENSTUREN

Interimstyret hadde møte i Bergen 15. oktober. Vi fra Oslo hadde først et langt møte med repr. fra koret, og seinere et mer uformelt med repr. for Varden. Vi diskuterte Forbundsvedtektene, opplegget for Landsmötet og fordelte oppgaver oss imellom, og vi utveksla erfaringer fra hvordan koret drives hos oss og i Bergen.

Vi vil nevne et par ting fra disse diskusjonene.

Bergenskoret har hatt stor framgang både politisk og musikalisk i löpet av det siste halvåret. De mente dette skyldtes flere ting. Ikke minst jobbinga med plateinnspillinga som var en stor oppgave med en konkret målsetting, og som også førte til et mye nærmere samarbeid med korpset. Dette hadde de gått kraftig framover på musikalisk, og også politisk ved diskusjonene om innholdet, formen osv. i de sangen som ble plukket ut til plata. Dernest hadde koret fungert mer utadretta, særlig i samband med standssynginger for 21. august og valget. De hadde hatt flere direkte konfrontasjoner med politiske motstandere på gata, og dette førte til en kraftig konsolidering av koret. Dessuten hadde de også hatt en mer sjölstendig rolle på stands ved å legge opp et program med blanding av sanger, appeller og slagordropping. For det tredje har de lengre övinger enn oss (4½ t hver torsdag), noe som betyr at de både får bedre tid til diskusjoner, pauser og öving. Sist, men ikke minst har de en atskillig mer stabil stamme i koret, og slipper den store gjennomtrekken vi har hos oss.

Under diskusjonene om forberedelser til LM ble vi enige om at Bergen tar ansvaret for å legge opp et forslag til arbeidsplan for perioden. Vi mente vi bør prioritere höyt å komme igang med en kulturpolitisk diskusjon i Forbundet. Vi må få klart for oss hvilken rolle vi skal spille i kampen, og hva vi skal bygge på og videreutvikle.

### C. "KRISEPARAGRAFEN"

Under diskusjonene i Bergen kom vi fram til at det ikke var noen særlig vits i å ha med en "kriseparagraf" i vedtektene. Dette ble framlagt på allmötet i koret 17/10, og vedtak nærmeat "trumfa" igjennom. Dette var en feilaktig måte å gjöre det på, og vi mener det er viktig å ta opp igjen dette i koret. De som er for å ha med en slik paragraf, begrunner det med at vi må være forberedt på det som kan komme, og ha med i vedtektene om åssen vi skal ta en slik situasjon. Vi oppfordrer alle som er for en slik paragraf til å argumentere for dette.

Vi skal ta opp et par saker som vi mener argumenterer mot å ha med en slik paragraf: En "kriseparagraf" vil være aktuell ved et eventuelt forbud av Forbundet, enten pga. et fascistkupp, invasjon eller anna. Hva som vil lede fram til en slik situasjon, er det umulig å si noe sikkert om idag. Spørsmålet er om det i en slik skjerpasituasjon vil være mulig - og ikke minst ønskelig å bruke tid og krefter på - å sammenkalle til et krisem. Skal f.x. kora fortsette sin virksomhet som för, men "under jorda"? Vil vi ikke som kulturutövere bruke kulturen som våpen på en annen måte? Vi mener det er viktig å ta opp en slik diskusjon i Forbundet, men vi mener det er feilaktig å ha det med i vedtektene.

### D. OSLOKORETS ENDELIGE FRAMLEGG TIL FORBUNDSVEDTEKTER

§1. Ca. halvparten var for å kalle oss Landsforbundet for raude kor og raude korps, halvparten for ...raude kor og korps.

§2. ...vera den politiske, organisatoriske og musikalske leinga for...

§3. "grupper" istf. ensemble.  
Innmelding: Nystarta kor og korps rettar söknad om medlemskap til Landsstyret. Under den fyrste perioden, som ikkje skal gå over 6 månader, er ein assosiert medlem av Forbundet. I denne perioden har ein krav på hjelp av Forbundet til å löyse organisatoriske, politiske og musikalske vanskar, ein har krav på noter og arrangement, og ein har möte- og talerett på landsmöte, men ikkje

röysterett. Assosiert medlem pliktar å halde möte og dikkutere plattform, særvedtekter og Forbundsvedtekter, og arbeide for fullt medlemskap i Forbundet innan 6 månader.

...  
Suspensjon/utelating: Ved alvorlege brot på Forbundsvedtektene eller alvorlege avvik frå plattformen skal LS gjera grundige undersøkingar, og vurdere om det er grunnlag for suspensjon eller utelating. Suspensjon eller utelating får umiddelbar verknad, men kan ankast til Landsmöte.

§5. ..Assosierte medlem tek del på Landsmöte med talerett, men ikkje röysterett.

Alt. I (seiene saker).  
(Ingen "kriseparagraf" på trykk).

§6. Landsstyret (LS) er övste organ mellom landsmöta. LS må vera sett saman etter politiske, musikalske og organisatoriske kriteriar. Såvel kor som korps må vera representerte i LS. LS skal ha 7 medlem (særskilte unntak kan gjerast av landsmötet). LS konstituerer seg sjölve, og skal ha formann, skrivar, kasserar og elles fordele oppgåvene i styret etter kva som er naudsynt. LS skal mötast minst 4 gongar i året. ...

§7. Sekretariatet er underlagt Landsstyret. Det er sett saman etter politiske, musikalske og organisatoriske kriteriar, men må sitja geografisk samla. Sekretariatet er sett saman av skrivar (som er leiar for sekretariatet), notesjef, redaktör og instruksjonsansvarleg. Minst eitt medlem av sekretariatet må sitja i Landsstyret. ...

- oppretting av og politiske, musikalsk og organisatorisk hjelp og rettleiing til nye kor/korps

§8. Forbundskontingenten skal innbetalt kvart halvår (innan 1/10 Og 15/2) ved at kvart medlem i koret/korpset betalar ein sum som Landsmötet fastset.

m & e

## Oppsummering av Sovjetdiskusjonen.

Den andre dagen av helgeseminalet vart nytta til diskusjon om Sovjet. Det vart halde ei innleiing på 2 timar, som var svært omfattande, og tok føre seg utviklinga i Sovjet frå århundreskiftet og fram til i dag. Diskusjonen vart stort sett konsentrert om oktoberrevolusjonen, om kvifor proletardiktatur og væpna revolusjon, og om partiet si rolle. Dette fordi det var tarvande å førebere seg til feiringa av oktoberrevolusjonen sin 60-årsdag, som har dominert arbeidet vårt i tida etterpå. Gruppediskusjonane emne ikkje å få fram større motseiingar i særleg mon. I fleire grupper fekk diskusjonen mykje preg av spørsmål - svar om saker folk ver usikre på. Det kom fram enkelte motseiingar som vart løyste i gruppene, men i synet på oktoberrevolusjonen og øynslene frå han var det stort sett einiskap.

Eiviktig årsak til at diskusjonen ikkje blei god nokk var at innleiinga ikkje streka klart opp dei ulike linene i synet på oktoberrevolusjonen.

I diskusjonen om sosialimperialismen, var det stor semje om at Raudt Kor må delta aktivt i kampen mot han, og at denne kampen er svært viktig. I ei gruppe var det motseiingar på spørsmålet om alliansar i kampen mot sosialimperialismen. Kan det vera rett med alliansar med USA-imperialismen? Desse motseiingane vart ikkje tekne opp i plenumsdiskusjonen, men folk vart oppmoda om å skriv om dette i koravisa.

- I kritikken vart det lagt vekt på at det var bra at styret hadde teke initiativ til denne diskusjonen, men det var store veikskapar ved førehandsarbeidet, både frå styret og innleiarane. Innleiinga ver ikkje retta inn på diskusjon om dei spørsmåla som låg føre.

FRAMLEGG TIL  
FORBUNDSVEDTEKTER  
RAUDE KOR OG KORPS

1. Forbundet sitt offisielle namn er "Landsforbundet for raude kor og korps".
2. Forbundet sitt formål er å bygge opp og vera den politiske, organisatoriske og sosiale leddet for ei samordna og slagkraftig rørsle av raude kor og korps i Noreg, bygd på sams plattform og særvedtekter for dei einstakke korpsa og Forbundsvedtektene.  
Forbundet er etappemått for arbeidarklassen i klassekampen, og kjemper for arbeidarane i Noreg.
3. Medlemskap.  
Kor, korps og grupper som byggjer på kor- og korpstradisjon, og som bidreg og til plattform, særvedtekter og Forbundsvedtekter, kan verta medlemmer av Forbundet. Forbundet er bygd opp gjennom kollektivt medlemskap frå kor/korps. Kor og korps er prinsippielt ~~inngjeldende~~.  
Inngjelding - Kor og korps rettar søknad om medlemskap til Landsstyret i løpet av den fyrste perioden, som ikkje skal gå over 6 månader, og ein tilknytt medlem av Forbundet. I denne perioden har ein krav på hjelp av Forbundet til å løse organisatoriske, politiske og sosiale vanskar, ein har krav på noter og arrangement, og ein har møte- og talerett på Landsmøte, men ikkje røysterett. Tilknytt medlem pliktar å halde møte og diskutere plattform, særvedtekter og Forbundsvedtekter, og arbeide for full medlemskap i Forbundet innan 6 månader. Medlemskap vert innvilga og sett i kraft av Landsstyret og skal godkjennast av fyrstkomande Landsmøte (sjå dette).  
Utmelding skal grunnleggjast skriftleg til Landsstyret, og økonomien skal gjerast opp for utmeldinga trer i kraft. Det same gjeld ved nedleggjing.  
Suspensjon/eksklusjon. Ved alvorlege brot på Forbundsvedtektene eller alvorlege avvik frå plattform skal Landsstyret gjera grundige undersøkingar og gje korset/korpsen høve til å forsvare seg. Landsstyret skal så vurdere om det er grunnlag for suspensjon eller eksklusjon. Suspensjon eller eksklusjon får verknad straks, men kan ankast til Landsmøte eller ekstraordinært Landsmøte.
4. Forbundet sine organ er Landsmøte, Landsstyre og Sekretariat.
5. Landsmøte (LM) er øvste organ i Forbundet. LM vert til vanleg kalla inn kvart år, maksimalt kan det vera 2 år mellom Landsmøta. Landsstyret avgjer tid og stad. LM skal kunngjerast 3 månader på forhånd, saker skal meldast inn innan 2 månader før LM, og sakspapir skal ut innan 1 måned før LM.  
Kvart kor, korps har rett til å møte med 2 representantar kvar med røysterett. For å ha gyldig røysterett må kontingent fram til LM vera betalt, og nye medlemskap må vera godkjente av LM (godkjenning skal handleggast rett etter godkjenning av dagsorden). Tilknytte medlemmer tek del på LM med talerett, men ikkje røysterett. Landsstyret tek stilling til om andre, som ikkje er medlemmer av Forbundet, kan verta bedne inn, og om desse skal få dekt utlegg. LM skal godkjenne dette etter godkjenning av nye medlemskap.  
LM tek stilling til melding for perioden frå førre LM, drag opp politiske linjer og tek standpunkt i saker som kjem Forbundet ved, vel Landsstyre og Sekretariat, nemnar opp revisorar og avgjer tvistar. Vedtak gjerast med vanleg fleirtal. Unnatak er:  
- endring i Forbundsvedtekter og i plattform og særvedtekter. Her

krevst 2/3 fleirtal.

- framlegg i saker som ikkje er komne med i sakspapira før fristen. Slike framlegg skal stemmest inn på sakslista med vanleg fleirtal, men for vedtak krevst 2/3 fleirtal.

Ved stemmelikskap reknest framlegg som ikkje vedteke.

Ekstraordinært Landsmöte (E.LM) skal kallest inn når minst 1/5 av kora/korpsa krev det eller Landsstyret finn det naudsynt. Her kan ikkje endringar i Forbundsvedtektene eller i plattform og særvedtekter verta vedtekne. E.LM skal kallast inn med minst 3 vekers varsel. Vedtak gjeld som for ordinært LM.

Utlegga til LM og E.LM vert utlikna på alle kora/korpsa i Forbundet i høve til medlemstal.

6. Landsstyret (LS) er øvste organ mellom Landsmöta. LS må vera sett saman etter politiske, organisatoriske og musikalske kriteriar. Såvel kor som korps må vera representerte i LS. LS skal ha 7 medlemmer (særskilte unnatak kan gjerest av Landsmötet). LS konstituerer seg sjølve, og skal ha formann, skrivar, kasserer, musikalsk ansvarleg, og elles fordele oppgåvene i styret etter kva som er naudsynt. LS skal mötest minst 4 gonger i året, eller når minst 2 styremedlemmer krev det. LS er ansvarleg for löysinga av oppgåvene til Forbundet, og skal fölgja opp vedtak frå Landsmötet. LS kan vedta politisk/ökonomisk stönad til aksjonar, og fråsegner elles bygde på plattform og landsmötevedtak. LS kan påleggja medlemene å koma fram til standpunkt til ei sak gjennom ordskifte innan ein gjeven frist. LS kan oppmode medlemene til å syngja særskilte songar og spele særskilte stykke, og ta del i særskilte aksjonar. LS skal före noggrann rekneskap og leggja fram revidert rekneskap på ordinært Landsmöte saman med melding for perioden og plan og budsjett for neste periode.
7. Sekretariatet er underlagt Landsstyret. Det er sett saman etter politiske, organisatoriske og musikalske kriteriar, men må sitja geografisk samla. Sekretariatet er sett saman av skrivar (som er leiar for Sekretariatet), notesjef, redaktör og instruksjonsansvarleg. Minst eitt medlem av Sekretariatet må sitja i Landsstyret. Sekretariatet er ansvarleg for den daglege drifta, og skal særskilt ta seg av desse oppgåvene:
  - utveksling av röynsler og stoff
  - samordning av ordskifte og aksjonar
  - medlemsavis, som skal koma ut minst 4 gonger i året
  - notesamlinga, som skal innehalde noteeksemplar av alle arrangement som vert nytta i Forbundet
  - oppretting av og politisk, musikalsk og organisatorisk hjelp og rettleiing til nye kor/korps
  - arrangement av landssamlingar og kurs
  - samarbeid med andre organisasjonar
8. Forbundscontingenten betaletst kvart halvår (innan 1/10 og 15/2) ved at kvart medlem i koret/korpsset betaler ein sum som Landsmötet fastset. Landsstyret kan i særskilte høve endra contingenten i perioden. Dette skal då grunngevest för medlemene. Spörsmål om kor/korps skal ta honorar skal vurderest i kvart høve. Når medlemskor/-korps har honorar ved framföring, skal 25% av dette gå til Forbundet.
9. Andre pliktar og rettar for medlemskora/-korpsa:

Kvart kor/korps sender halvårsmelding til Landsstyret innan 30/6 og 30/12, og melder raskt frå om det skjer ting innanfor koret/korpsset

sitt arbeid som kjem heile Forbundet ved.

Kvart kor/korps kan når som helst reise framlegg for Forbundet, og har rett og plikt til å kritisere Landsstyret og krevja oversyn over Landsstyret sitt arbeid.

10. Med utgangspunkt i kva som tener Forbundet sitt føremål samarbeider Forbundet med andre organisasjonar og aksjonar, til vanleg på sak, og i særskilte høve ved organisatorisk tilslutnad. Organisatorisk tilslutnad må vedtaket av Landsmötet.
11. Tvistar i Forbundet.  
I tvilstilfelle avgjer Landsstyret tolking av vedtekter. Avgjerda kan ankest til Landsmöte. Det same gjeld andre tvistar innanfor Forbundet.
12. Forbundet sin eigedom.  
Ved utmelding av kor/korps har Forbundet inga krav på noter eller medlemsaviser utsende til koret/korpset dersom kontingent for siste halvår er betalt. Innbetalt kontingent vert ikkje betalt attende.  
Ved nedlegging av kor tilföll all eigedom Forbundet. Ved nedlegging av korps: Instrument og noter eigde av korpset, skal lagrest forsvareleg i 2 år. Folk som vil gå igang med å ta opp att korpsarbeid på staden, skal ha høve til å nytta desse. Dei kan elles lånest ut til andre korps. Etter 2 år tilföll dei Forbundet.  
Ved utelating av kor/korps: som ved utmelding.  
Ved opplöysing av Forbundet avgjer Landsmötet kvar og korleis eigedom og midlar skal fordelest.
13. Opplöysing av Forbundet kan berre verta vedteke på Landsmöte ved at 4/5 röystar for opplöysing.

\*\*\*\*\*